

SIM nytt

1/2019

MARS • ÅRGANG 26



Miljøsentralen ventar på deg!

Våren er ryddetid for mange, og miljøsentralane våre er klare til å ta imot avfall som ikke får plass i bosunken – eller som ikke hører heime der.

Les meir på side 6 og 7.

Bidra til reinare strandsonar

Les meir på side 4 og 5.

Kjeldesorteringa kan bli betre

Les meir på side 2 og 3.

Kva har du i dunken din?

Hausten 2018 gjennomførte SIM ein plukkanalyse av restavfallsdunkar og biodunkar i Sunnhordlandskommunane.

Ved å undersøkja dunkane på den måten får me ein fin mogelegheit til å retta søkjelys på dei områda der det finst eit forebetringspotensiale.

Analysen viste at det diverre er ein del å henta både når det gjeld feilsortering, og når det gjeld kasting av mat.

– Analysen er sjølv sagt ikkje eksakt vitenskap, men gjev oss ein peikepinn på kvar me bør ha fokus. Det er særleg

fraksjonane papir og plastemballasje som kan vera noko usikre, då det kan vera rett at dei er kasta i restavfallet. Desse fraksjonane skal nemleg i restavfallet dersom dei er tilgrisa, påpeikar Plan-, innkjøps- og kommunikasjonsansvarleg i SIM, Janne Hillersøy.

Kasta mykje mat

Hillersøy fortel at dei andre feilsorteringane er meir openbare feil.

Dette fann me i bioavfallsdunken:



Til dømes var det store mengder matavfall i restavfallet, i tillegg til tekstilar og glas og metall. Dette er avfall som kunne gått til gjenvinning, og selskapet oppmodar innbyggjarane til å strekkja seg litt ekstra. Målet er å få høgast mogeleg grad av gjenvinning av det som vert kasta.

Når det gjeld matsvinn er det òg litt nedslåande og sjå at 30 % av matavfallet var mat som ikkje burde vore kasta.

Det var anten uopna pakkar med pålegg, store mengder frukt og grønt og anna – i tillegg til restar av mat, altså mat som ikkje var eten opp.

– Det var litt nedslående å sjå. Mange er veldig flinke, men me ser at her òg ligg eit potensiale, og me kjem til å ha fokus på slike analysar framover, seier Hillersøy.

Dette fann me i restavfallsdunken:

Planterestar 1,8 %	Farleg avfall og EE-av fall 1,2 %	Matavfall, inkl. tørkepapir 26,7 %
Papir og papp 8 %	Plastemballasje 10,9 %	Glasemballasje 3 %
Tekstilar 4,6 %	Anna metall 1,7 %	Metallemballasje 2 %
Øvrig (restavfall) 40,1 %		



Bidra til reinare strandsonar

Ny vår gir nye moglegheiter for å bidra til ein reinare og endå flottare sunnhordlandsnatur!

I SIM er me opptekne av eit reint og fint Sunnhordland. Derfor legg me kvart år til rette for at du og alle andre kan gjera ein innsats for å halda naturen og nærmiljøa rundt oss reine og frie for søppel.

Strandryddeaksjon

SIM har tidlegare år hatt stor pågang frå folk som vil rydda i strandsona. Nyleg fekk me nytt påfyll av prosjektmidlar frå Miljødirektoratet. Potten må brukast

opp i løpet av 2019, elles går pengane attende til direktoratet.

Her er det altså mogleg for lag og organisasjoner å sikra seg litt økonomisk støtte til ein innsats for lokalmiljøet og livet i sjøen og strandsona.

Ditt bidrag er å dra i gong ein ryddedugnad i eit område du meiner fortener det. Vårt viktigaste bidrag er å dela ut avfallssekker og å ta i mot




avfallet. Det er kostnadsfritt å levera boset for dei som ryddar, og lag og organisasjoner kan også søka støtte til transport ved strandrydding.

Les meir på sim.as/vart-samfunn/ryddeaksjonar. Du kan og kontakta Janne Hillersøy (janne.hillersøy@sim.as) eller Arild Vik (arild.vik@sim.as).



Hausten 2016 rydda gutane i Bremnes IL sitt G 14-lag strender på vestsida av Bømlo.





Klar for å plogga?

Trenar du til maraton, eller glad i å rusla i naturen? Då er plogging aktiviteten for deg. Ikkje berre blir du sjølv sprekare, du slår også eit slag for naturen og miljøet rundt oss.

Kva?

Plogging er eigentleg jogging kombinert med bosplukking undervegs, men du kan like gjerne gjera det medan du går tur.



Korleis?

Plukk bos medan du joggar eller går. Me i SIM heiar på både deg og naturen, derfor har me fått laga ein hendig ploggepose som du kan samla søppellet i medan du mosjonerer. Etter avslutta ploggetur kan du kasta posen med søppel i restavfallet eller i ein hyttekonteiner. Hugs at det ikkje skal vera flytande væske, EE-avfall, farleg avfall eller skarpe gjenstandar i posen du kastar.

For kven?

Plogging er for alle! Ploggeposen vår er derfor tilgjengeleg for alle. Du kan få tak i han ved SIM sine miljøsentralar eller ved å ta kontakt med SIM.



Dette er plogging

- Plogging er ei mosjonsform som kombinerer jogging med søppelplukking. Uttrykket oppstod i Sverige i 2016, og ordet er sett saman av «plukka» og «jogging».
- Sett frå eit treningsperspektiv har plogging stor variasjon av kroppsbevegelsar, med mykje bøy og strekk i tillegg til jogginga.
- Aukande ure for plastforureining har spreidd plogginga frå Sverige og ut i heile verda.
- Språkrådet i Noreg kåra plogging til eitt av årets nyord i 2018.

Slik bidrar du

Meld deg på ein av SIM sine ryddeaksjonar via SIM sine nettsider www.sim.as før du går i gang.

Våre ryddeaksjonar:

SIM sine ryddeaksjonar er:

- Rydd ei strand
- Rydd nærmiljøet
- Rydd ein sti

Kor kan du rydda?

- Strenger som kommunen ikkje har ansvar for
- Buområde
- Nærrområde
- Turstiar
- Skogsteigar

Kven kan vera med?

Velforeiningar, burettslag, idrettslag og andre grupper av frivillige som ynskjer å fjelga område der andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. SIM set som krav at det vert oppført ein vaksen kontaktperson som står ansvarleg for ryddinga.

Kva kan kastast i sekkene?

- Vanleg hushaldsavfall
- Grovavfall, farleg avfall og elektrisk og elektronisk avfall (EE) skal IKKJE i sekkene, men leverast til miljøentralen

Miljøsentralen ventar på deg!

Våren er ryddetid for mange, og miljøsentralane våre er klare til å ta imot ditt avfall! Kanskje tar du også med deg eit lass kompostjord heim igjen?

På miljøsentralen kan du levera avfall som du ikkje får plass til i bosdunken, eller som du ikkje har lov til å kasta der. Det kan vera EE-avfall, farleg avfall, brennbart og ikkje-brennbart restavfall, tekstilar og klede, gips, alt av metall, papp og papir, trevirke, hageavfall, og ikkje minst glas-, metall- og plastemballasje.

Farleg avfall hører heime hos oss

Både privatpersonar og verksemder pliktar å levera farlege avfall til godkjent

mottak, og i vårt område er det SIM sine miljøsentralar. Privatpersonar kan levera måling, olje, lim, lakk og andre typar farleg avfall kostnadsfritt, verksemder betalar etter volum (m^3) eller etter vekta på avfallet.

Hugs òg at kasserte elektriske og elektroniske produkt (EE-avfall) også skal leverast til miljøsentralen





– eller til forhandlar av slike produkt – heilt kostnadsfritt. EE-avfall er alt går på straum eller batteri.

Betre flyt med sortert hengar

Når mange skal på miljøsentralen samtidig, kan det lett oppstå kø og ventetid. Med litt sortering på tilhengaren før du kører heimanfrå, der du prøver å samla likt avfall på same stad, går det mykje raskare å lessa av på miljøsentralen. Det gjer underverk for trafikkflyten på travle dagar, til glede for både deg og dei andre besøkande.

Bruk blanke sekker

For at me skal sikre best mogeleg kvalitet på avfallet me sender til gjenvinning, og hindra at farleg avfall hamnar i kontaineren for brennbar rest, oppfordrar me alle våre kundar til å nytta blanke sekker til restavfallet som skal kastast på miljøsentralen. Gjer du det, kan du hiva restavfallet rett i kontaineren. Enklare for deg, og enklare for kunderettleiarane våre!

Dei gjennomsiktige sekkene til restavfall får du gratis på miljøsentralane våre, eller du kan kjøpa dei på butikken. Merk deg at SIM-sekkene for plastemballasje ikkje skal brukast til restavfall.

Gi hagen næring

På miljøsentralane våre kan du kvitta deg med hageavfallet frå våronna. Her kan du òg kjøpa næringsrik kompostjord og plenblanding som SIM lagar av bioavfallet me samlar inn.

 SIM sine miljøsentralar.

Prisen for både kompostjord og plenblanding er 200 kroner for ein liten tilhengar. For større mengder er prisen 400 kroner per tonn. Du må sjølv ha med deg tilhengar, og for 75 kroner kan du på dei fleste miljøsentralane få hjelpe med pålessinga.

Leig konteinrar hos oss

Har du mykje avfall som skulle vore levert på miljøsentralen?

Hos oss kan alle som betalar renovasjonsgebyr i Sunnhordland få leiga konteinrarar til fastpris.

Leiga er 4900 kroner for fire dagars bruk av ein 10 m³ konteinrar, og summen inkluderer då utkjøring

og innhenting – samt leveringa av avfallet på miljøsentralen.

Prisen er den same i alle SIM-kommunane, uansett kor sentralt eller grisgrendt du bur, så lenge vegen er køyrbart for stor lastebil.



SENDAR:
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmogvegen 219
N-5419 Fitjar

OFFENTLEG INFORMASJON

Enklare og kjappare bostømming – du kan bidra!

Sjåførane våre har mykje dei skal rekka over på ruta si, men med enkle grep kan me alle hjelpe til med å gjera tømmingen av dunkane enklare og meir effektiv.



Hugs at dunken må ut til kl. 06.00 på tømmedagen. Hugs å ta dunken heim att etter tømming.



Pass på at dunken står rett veg. Sjå til at opninga vender ut mot veggen, slik at løftearmen får tak i dunken.



Dunken må ikkje vera overfylt. Loket må liggja heilt igjen.



Er du i ferd med å gå tom for plastsekker, knyt ein sekk for plastemballasje på papirdunknen – så vil sjåførar leggja ein ny rull i papirdunknen etter at han er tömt. Du kan også henta deg ein rull på nærmeste miljøsentral.



Bosbilane hentar **papiravfall + plastemballasje** kvar fjerde veke. Hugs å setja ut dunk + plastsekk på tømmedagen.



Bosbilane hentar **restavfall + bioavfall** annakvar veke. Hugs å setja ut begge dunkane på tømmedagen.



Det er fint om rest- og bioavfallsdunkar er oppstilt gruppevis.



Hjelp sjåførane ved å måka ubrydde vegar og snuplassar – og strø gjerne glatte parti på vinterstid.



Fjern greiner og buskas langs attgrodde vegar. Hugs at bilane våre ragar høgt til vers.

Representantskapsmøte i 2019

Representantskapet er øvste organ i SIM. Det er sett saman av 23 medlemer, delt på dei sju eigarkommunane etter folketal, og medlemene kjem saman ein gong kvart år.

I år møtest representantskapet 3. mai. Du kan få innsyn i sakene som skal drøftast ved å ta kontakt med SIM.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmogvegen 219
N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

OPNINGSTIDER MILJØSENTRALANE*

*Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

AUSTEVOLL, PORSDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

BØMLO, HOLLUNDSDALEN

Måndag og onsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og torsdag kl. 07.00-15.00

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 10.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 10.00-14.00

FITJAR, SVARTASMÅGET

Måndag kl. 10.00-18.00

KVINNHERAD, HUSNES INDUSTRIOMRÅDE

Måndag og torsdag kl. 12.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 08.00-13.00

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Første laurdag i månaden kl. 09.00-14.00

STORD, HEIANE MILJØSENTRAL

Måndag, onsdag og torsdag kl. 10.00-18.00

Tysdag og fredag kl. 07.00-15.00

Laurdag kl. 09.00-14.00

SVEIO, SVEIÅSEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

TYSNES, EREDALEN

Måndag og torsdag kl. 10.00-18.00

Perioden 1. april–30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00-14.00.

Perioden 1. okt.–31. mars:
Siste laurdag i månaden kl. 09.00-14.00